

Møteprotokoll Fylkesting for ungdom

07.-09. mars 2025

Dato: 8. mars 2025 Kl. 09.00-18.40 Stad: Scandic Hotel Flesland

9. mars 2025 09.00-14.15

SAK 1/22 OPNING

Stian Davies, fylkesvaraordførar, opna fylkesting for ungdom 2025.

SAK 2/22 NAMNEOPPROP OG GODKJENNING AV FULLMAKTER

Nr.	Namn	Representerer
1	Jakob Berger	Alver kommune
2	Isak Thomassen	Alver kommune
3	Dunya Sultan	Askøy kommune
4	Marcus Askildsen	Askøy kommune
5	Maja Małgorzata Reimus	Austevoll kommune
6	Sander Emeel Bruaas	Austrheim kommune
7	Linea Mæland Endresen	Austrheim kommune
8	Ingeborg Wåge Møgster	Bergen kommune
9	Aron Haaheim	Bergen kommune
10	Fiona Kolle	Bjørnafjorden kommune
11	Agnes Nelly Elde-Damstuen	Bremanger kommune
12	Aksel Myklebust	Bremanger kommune
13	Michelle Innvær	Bømlo Kommune
14	Anna Fjelland Hovland	Bømlo kommune
15	Anders Hole	Eidfjord kommune
16	Tea Håland	Etne kommune
17	Kevin Ribesen	Etne kommune
18	Anna Kobanova	Fitjar kommune
19	Kamilla Koløen	Fitjar kommune
20	Marte Ommedal	Gloppen kommune
21	Malene Henden Fridtun	Gloppen kommune
22	Nikola Szulfer	Gulen kommune
23	Dmitrij Savchenko	Hyllestad kommune
24	Lene Marie Dale	Hyllestad kommune
25	Bo Forthun James	Høyanger kommune
26	Andreas Førde Systad	Høyanger kommune

27	Hanna Folgerø-Kirkeeide	Kinn kommune
28	Vilde Johannessen	Kinn kommune
29	Hallvard Nordheim	Kvam herad
30	Alexander Nordlinder-Nitter	Kvam herad
31	Frøya Sverresdotter Hatteberg	Kvinnherad kommune
32	Tord Sverresson Hatteberg	Kvinnherad kommune
33	Hans Fredrik Hagelin Moe	Luster kommune
34	Ida Stai Bolstad	Luster kommune
35	Amalie Lahti Fjellby	Masfjorden kommune
36	Ben George Kvingedal	Masfjorden kommune
37	Sofie Surland Våge	Modalen kommune
38	Thea Run Jakobsen	Modalen kommune
39	Carl Fossdal Tveit	Samnanger kommune
40	Jacob Langeland	Samnanger kommune
41	Kevin Neraas Teigen	Sogndal kommune
42	Jonas Aasen Engebø	Sogndal kommune
43	Kristina Vanessa Austring	Stad kommune
44	Victoria Larsen	Stord kommune
45	Kristoffer Sunde	Stryn kommune
46	Sofia Hogrenning	Stryn kommune
47	Theodor Fink	Sunnfjord kommune
48	Madeleine Indrebø	Sunnfjord kommune
49	Engeline Meland	Tysnes kommune
50	Nikolai Måkestad	Tysnes kommune
51	Najma Abdi Jama	Ullensvang kommune
52	Emma Saathoff	Ulvik herad
53	Hedda Halstensgård	Ulvik herad
54	Johanne Hesjedal	Vaksdal kommune
55	Markus Andre Andersen Vinsrygg	Vaksdal kommune
56	Håkon Skjoldli	Voss herad
57	Emil Velken Soldal	Voss herad
58	Rebekka Kvaal	Øygarden kommune
59	Alva Betine Kilvik	Øygarden kommune

Desse observatørane representerte kommunar:

Observatør	Representerer
Mille Waage	Austrheim kommune
Håvard Wiik Daae	Austrheim kommune
Maija Andrea Holden Olsen	Gloppen kommune
Odd Andre Olsen	Gloppen kommune
Nora Haugsvær	Masfjorden kommune
Emma Steinsland Hamre	Sogndal kommune
Natasha Piwko	Stryn kommune
Torina Egge	Stryn kommune
Vilde Birkeland Johnsen	Vaksdal kommune

Desse observatørane representerte fylkeskommunale ungdomsråd:

Observatør	Representerer
Danial Jaferi	Agder fylkeskommune
Gabriel Moland Kittelsen	Agder fylkeskommune
Jonas Hamidi	Finnmark fylkeskommune
Margrethe Sørheim	Vestland fylkeskommune
Ådne Wilberg	Vestland Fylkeskommune
Andreas Borkamo	Vestland fylkeskommune
Mathilde Nonås	Vestland Fylkeskommune
Dina Kvittingen	Vestland Fylkeskommune
Isak Al Bayati	Vestland fylkeskommune
Cecilie Aarvik	Vestland fylkeskommune
Nikolai Gjesdal	Vestland fylkeskommune

Administrasjon	Stilling
Anne Koch Grønlien	Rådgjevar, møtesekretær
Ane Sandvik Arnestad	Rådgjevar, møtesekretær

Sak 3/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom godkjener innkallinga og innstilling til sakliste.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom godkjener innkalling og sakliste.

SAK 4/22 VAL AV MØTELEIAR

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom vel:

Dina Kvittingen

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:

Dina Kvittingen

SAK 5/22 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom godkjener forretningsorden.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom godkjenner forretningsorden.

SAK 6/22 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR**Vestland ungdomsutval sitt forslag:**

Fylkesting for ungdom vel:

Anne Koch Grønlien, Vestland fylkeskommune

Ane Sandvik Arnestad, Vestland fylkeskommune

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:

Anne Koch Grønlien, Vestland fylkeskommune

Ane Sandvik Arnestad, Vestland fylkeskommune

SAK 7/22 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR**Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:

Dina Kvittingen (VU) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Protokollunderskrivarar vil bli vald på Vestland ungdomsutval sitt neste møte.»

Avrøysting

Kvittingen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:

Protokollunderskrivarar vil bli vald på Vestland ungdomsutval sitt neste møte.

SAK 8/22 VAL AV REDAKSJONSKOMITÉ**Vestland ungdomsutval sitt forslag:**

Fylkesting for ungdom vel:

Marcus Askildsen

Michelle Innvær

Margrethe Sørheim

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:

Marcus Askildsen

Michelle Innvær

Margrethe Sørheim

SAK 9/22 VAL AV VALNEMND**Vestland ungdomsutval sitt forslag:**

Fylkesting for ungdom vel:

Nikolai Gjestad
Ådne Wilberg
Cecilie Aarvik

Avrøysting
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak
Fylkesting for ungdom vel:
Nikolai Gjestad
Ådne Wilberg
Cecilie Aarvik

SAK 10/22 BEHANDLING AV ÅRSMELDING 2024

Vestland ungdomsutval sitt forslag:
Fylkesting for ungdom tek Vestland ungdomsutval si årsmelding for 2024 til orientering.

Avrøysting
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak
Fylkesting for ungdom tek Vestland ungdomsutval si årsmelding for 2024 til orientering.

SAK 11/22 BEHANDLING AV VEDTEKTER FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL

Vestland ungdomsutval sitt forslag:
Fylkesting for ungdom godkjenner vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval:

Avrøysting
Vestland ungdomsutval sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak
Fylkesting for ungdom godkjenner vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval:

Vedtekter for Vestland ungdomsutval

§ 1 Føremål

Vestland ungdomsutval (VU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. VU følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgt opp vedtaka sidan førre FFU. VU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld barn og ungdom.

§ 2 Val og samansetnad

Vestland Ungdomsutval skal bestå av ni medlemer (leiar, nestleiar og sju medlemer). Desse blir vald på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast fem varamedlem. Tre av medlemene skal veljast for to år medan dei seks resterande medlemene i likskap med vara har ein valperiode på eitt år. Dette er for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år

Medlemene i VU skal vere 14 til 19 år gamle. Ein 13-åring som fyller 14 det året tingsetet finn stad kan bli medlem.

Det skal vera ein balansert samansetjing av medlemmar frå by og distrikt. Ved val av det komande VU skal det også takast omsyn til geografisk spreiing, alder, eigenskapar og kontinuitet.

Kjønnsbalansen skal vere i samsvar med kommunelova § 7-7 tredje ledd som seier viss organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Kjønnsbalansen skal fordelast med å sjå kjønnsbalansen for medlem og varamedlem kvar for seg.

§ 3 Arbeidsområde

Vestland ungdomsutval skal rapportere til fylkesting for ungdom om arbeidet med vedtaka som vart gjort under fylkesting for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. VU skal bruke malen for årsmelding som er utarbeidd av fylkeskommunen.

VU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem barn og unge.

VU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdomsråd (NVS).

VU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på fylkesnivå.

VU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane. VU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda i fylket.

VU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom VU og avdelingane, og VU skal få innsyn i saker som føregår i fylkeskommunen som angår barn og ungdom.

VU skal innad i utvalet organisere seg på same vis som fylkeskommunen, i den grad dette er mogeleg.

Leiar og nestleiar har eit overordna ansvar

§ 4 Møter

Vestland ungdomsutval fastset eigen møteplan. I utgangspunktet skal dei ha seks ordinære møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. Det første møtet etter fylkesting for ungdom skal vera eit fysisk møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei kvarandre og kontaktpersonen frå fylkeskommunen, for å skape eit best mogleg samarbeid for det kommande året.

Møta skal leggjast opp slik at reiseruta for kvar einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i heile fylket, viss dette er praktisk for Vestland ungdomsutval. Det skal i hovudsak leggjast opp til kollektivtransport til møta.

Ved nettverkssamlinga og fylkesting for ungdom skal både medlemer og varamedlemer vere til stades.

§ 5 Vedtak under møtet

Vestland ungdomsutval kan gjere vedtak når minst seks av medlemmane er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

Om det er røystelikskap, har leiar dobbelstemme.

§ 6 Møteplicht og forfall

Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemene plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid.

Gyldig grunn for forfall reknast som: sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsettast eller forsømast.

Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd, men seinast fire dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

§ 7 Vurdering og ev. fritak

Å vere medlem av Vestland ungdomsutval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, og melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein vert tillagt.

Medlemer som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvane sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemane i VU til å søkje om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval.

Det er fylkesting for ungdom som avgjer om eit medlem i VU skal få fritak frå vervet sitt. Om nokon av medlemane av VU ynskjer fritak frå vervet sitt må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar i VU og til sekretæren. Valnemnda skal få melding om at ein medlem søker fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme med framlegg til vedtak for FFU. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen får fritak frå vervet sitt i VU. Dette gjeld medlemmar som er valt for to år, men ynskjer å trekke seg etter eitt år.

Dersom eit medlem ber om fritak undervegs i eit år, og ikkje i samband med fylkesting for ungdom, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert voteringsak på neste møte i VU. VU kan gjere vedtak om at det skal kallast inn fast møtande vara for vedkommande fram til og med neste fylkesting for ungdom. Ein skal då nytte den prioriterte rekkefølga av varamedlemmar. Om ein ynskjer å trekke seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan VU vedta å fordele verva annleis. Eit slikt bytte skal vere ei voteringsak og er gjeldande etter den datoен VU vedtek.

§ 8 Møteleiing

Leiar av VU skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møtet skal nestleiar fungere som møteleiar. Dersom begge desse er vekke, skal Vestland ungdomsutval stemme over kven som skal leie møtet.

Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i møtet, og skal skrive referata frå møte og protokoll om det ikkje er andre ynskjer. Referata bør vere utvalet i hende før neste møte. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å fremme eigne politiske meininger. Dette er det møteleiaren si oppgåve å følgje opp.

§ 9 Innkalling og sakliste

Vestland ungdomsutval skal verte kalla inn skriftleg med minst sju dagar varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemene, varamedlemene og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemer seier i mot, kan VU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

Leiinga set opp sakliste før kvart enkelt møte, om ynskjeleg saman med sekretær. Saklista skal ligge ved innkalling

§ 10 Ugildskap

For ugildskapen til medlemene gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40 nr.3. Medlemer som er ugilde deltek ikkje ved handsaming av saka og forlèt møtet dersom det er eit lukka møte.

§ 11 Økonomi

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphold på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

§ 12 Endring av vedtekten

Endringar i vedtekten for VU vert gjort av fylkesting for ungdom i Vestland med $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Endringar i vedtekten tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Vestland.

Vedtekter for Fylkesting for ungdom

§ 1 Innleiande føresegner

§ 1-1 Namn Det offisielle namnet er "fylkesting for ungdom" avkorta som "FFU". I dei fleste hove er det naturleg å legge til "Vestland". Logoen er den same som for fylkeskommunen.

§ 1-2 Føremål Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyret for ungdom i Vestland fylke. Fylkesting for ungdom skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesse for å auke samfunnsengasjementet hjå ungdommen. FFU er eit demokratisk organ for å fremja ungdomsmedverknad. I tillegg skal det stimulere til politisk engasjement samt for opplæring og erfaring i demokratiske prosessar, og få innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

§1-3 Fylkesting for ungdom kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å fremje med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen

§ 2 Gjennomføring av tinget

§ 2-1 Fylkesting for ungdom sine møter er opne for alle som er interesserte.

§ 2-2 Fylkesting for ungdom skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Vestland ungdomsutval, der VU rapporterer til FFU om sitt arbeid i løpet av året. FFU skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for komande periode.

§ 2-3 FFU lagar og vedtek eit ungdommens planprogram for kva saker VU skal arbeide med det komande året. Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet for VU. Formålet med, og oppbygginga av, programmet vert lagt ved i eit utdjupningsdokument. Oppstår det konfliktar mellom planprogrammet og andre vedtak gjort av FFU eller VU, gjeld planprogrammet som både FFU og VU sin politikk. Utdjupningsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal av FFU.

§ 2-4 VU har moglegheit til å gjere redaksjonelle endringar i planprogrammet og eigne dokument om FFU gjer dei denne friheita.

§ 2-5 VU avgjer deltakingsavgifta for neste FFU heilt fram til invitasjonen skal sendast ut.

§ 3 Deltakarar

§ 3-1 Alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to ungdommar til FFU som delegatar. Representantane skal veljast innad i ungdomsrådet eller kommunestyret.

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Kvar kommune får prioritert ein observatør fram til observatørplassane er fylt opp. Her er det snakk om å vere dei fyrste til å melde frå om ynskje av desse plassane. Dersom det er ledige plassar ved påmeldingsfristen kan kommunar få fleire observatørplassar.

Ein må vera delegat for å inneha tale-, forslags-, og røysterett. Ungdommar som ikkje er delegatarar, men som er sende få kommunane er å rekne som observatørar. Dei stillar med talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Invitere gjestar i alderen 13-19 år har berre talerett. Andre gjestar har ikkje talerett, ei heller forslags- og røysterett.

Gjestar skal ha moglegheit til å söke om talerett.

§ 3-2 FFU skal bestå av ungdom mellom 13 og 19 år med tilknyting til fylket. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14, men kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

§ 3-3 Fylkesting for ungdom skal vera partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunane sine og ikkje eit politisk parti.

§ 3-4 Alle medlemer og varamedlemer av VU har delegatstatus. Medlem og varamedlem av VU representerer FFU og ikkje kommunen dei kjem frå.

§ 4 Organisering og nemnder

§ 4-1 FFU skal haldast ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av mars, så lenge VU ikkje bestemmer noko anna eller særlege grunnar talar mot dette. Særskilde grunnar kan mellom anna vera dårlig påmelding frå kommunane, sjukdom og liknande.

§ 4-2 Dersom VU finn det nødvendig kan dei kalle inn til ekstraordinært FFU.

§ 4-3 VU kallar inn til FFU fem veker før FFU skal arrangerast, medan sakspapira skal sendast ut seinast 14 dagar før arrangementet begynner. § 4-4 Det skal først møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at den er ferdigstilt. Møteboka må underskrivast av to delegatar valt av FFU.

§ 4-4 FFU vert leia av to ordstyrarar. Ordstyrarane skal veljast av tinget. Det er VU som kjem med framlegg til ordstyrarar, men tinget kan kome andre framlegg.

§ 4-5 FFU vel ei valnemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av VU, representantar frå FFU som ikkje står til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valnemnd, ein person frå administrasjonen. FFU og VU skal ha minst halvparten av medlemene. Valnemnda skal innstille på medlem til VU. Valnemnda kan ikkje innstille på sine eigne medlem i nokre av posisjonane.

§ 4-6 FFU vel ei redaksjonskomite på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Medlemane vert valt blant deltakarane på FFU. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølgja til røystinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlast kan endrast om 1/3 røystar for endringa.

Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar i ei fråsegn så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelpe med å finne eventuelle betre formuleringar. Redaksjonskomiteen kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatarar, men i første rekkje bør uttalene mnda ha ein god dialog med forslagsstillarar.

§ 4-7 FFU kan setje ned nemnder med mandat.

§ 4-8 Kommunane i Vestland kan melde inn saker til FFU. Sakene skal handsamast av VU og må difor vera i VU sine hender minst ein månad før tinget.

§ 5 Vedtak og røysting

Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i VU si røyst avgjeraende.

§ 5-1 Vedtekter må bli stemt gjennom ved $\frac{2}{3}$ fleirtal, dette gjeld også ved endring av vedtektena.

§ 6 Arrangement i regi av VU /FFU

§ 6-1 Det er ved alle arrangement i regi av FFU og VU nulltoleranse for trakkassering.

§ 6-2 Alle møte og tilstellingar i FFU og VU skal vere fri for alkohol og illegale rusmiddel under heile arrangementet.

§ 6-3 Deltakarar som bryt regelverket etter § 6-1 og § 6-2 eller køyrereglane vedteke av FFU eller VU, kan sendast heim frå møtet eller arrangementet.

§ 6-4 Dersom medlem i VU eller deltakarane ved FFU/VU sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6-1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med VU sin rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under tausheit fram til endeleg konklusjon er fatta.

SAK 12/22 ÅRSREKNESKAP 2024 OG BUDSJETT 2025

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom tek rekneskap 2024 og budsjett 2025 til orientering.

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Vedtak

Fylkesting for ungdom tek rekneskap 2024 og budsjett 2025 til orientering.

SAK 13/22 BEHANDLING AV UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2025

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom ber Vestland ungdomsutval om å leggje følgjande planprogram til grunn i 2025:

Jakob Berger (Alver) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, eigen organisasjon:

"Ungdomsråd fra Vestland kan komma som observatør på VU-møter. Bidrar til å spre info på ein god og effektiv måte. Dette er og veldig lærerikt for observatørane." »

(2) «Nytt punkt, eigen organisasjon:

"VU skal invitere ungdomsrådet som tilhøyrar den skolen dei besøker." »

(3) «endring, eigen organisasjon punkt 1

"Eigen organisasjon skal tilrettelegge tid og arbeid med ungdomsråda i fylka. Dei skal ha kontakt med VGS og fremme engasjement innan ungdomsråd"»

(4) «nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

"VU skal jobbe for å skape eit felles nettverk/møtepunkt/arena for lærlingar i fylke. På tvers av bedrifter. Dele erfaringar om lærling livet." »

(5) «nytt punkt, kultur, idrett og inkludering:

"VU skal sørge for å fremme rusfrie arrangement som "konserter eller andre type samlinger".

Carl Fossdal Tveit (Samnanger) sette fram slike forslag:

(1) «nytt punkt, eigen organisasjon

VU skal arbeide for å arrangere fysiske nettverkssamlingar ein gong per år.

(2) «endring, næring, plan og innovasjon punkt 22

«VU skal sjå på moglegheiter for å ta i bruk KI på ein berekraftig måte»

(3) «endring, næring, plan og innovasjon punkt 9

«VU skal arbeide for at ungdom lettare kan få seg sommarjobbar og helgejobbar»

(4) «endring, næring, plan og innovasjon punkt 11

«VU skal arbeide for å optimalisere vasskraftindustrien i Vestland, på ein måte som vernar lokalt og globalt miljø.»

(5) «nytt punkt, samferdsel og mobilitet

«VU skal arbeide for å opprette bestillingsbussordningar, som i Samnanger kommune, i fleire kommunar.»

(6) «nytt punkt, samferdsel og mobilitet
VU skal arbeide for at skuleskysstilbod passar godt saman med tidar for skulestart.»

(7) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet
VU skal arbeide for at omegnskommunane til Bergen vert teke med i same takstsone som Bergen.»

(8) «endring, samferdsel og mobilitet punkt 3
Endring av punkt 3. VU skal arbeide for at ungdomsbilletten skal vere tilgjengeleg for ungdomsskuleelevar, slik at billetten kan gjelde frå starten av skuleåret ein byrjar i 8. trinn. »

(9) «Nytt punkt, samferdsel og mobilitet:
VU skal arbeide for at alle kollektive reisetilbod er universelt utforma, slik at personar med nedsett funksjon vert teke omsyn til med kollektivtilboda.»

(10) «endring, Kultur, idrett og inkludering punkt 18
«VU skal arbeide for eit fylke med plass til, og moglegheitar for alle, uansett kjønn, legning, alder og andre identitetstrekk.»

(11) «endring, Opplæring og kompetanse punkt 48:
‘VU skal arbeide for at TAF/YSK-utdanningsløpa vert opprettheldt, og for at fleire vidaregåande skular i fylket kan tilby dette utdanningsprogrammet. »

Malene Henden Fridtun (Gloppen) sette fram slike forslag:

(1) «Endring, eigen organisasjon punkt 20:
VU skal vitje elevorganisasjonen i Vestland sine samlingar av elevråda i Vestland.»

(2) «Stryking, samferdsel og mobilitet:
Stryk punkt 18.»

(3) «Stryking, opplæring og kompetanse:
Stryke punkt 27.»

(4) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
VU skal arbeide for å ha eksamen for avgångselevar etter 17. mai.»

Isak Thomassen (Alver) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, kultur, idrett og inkludering:
Fått inført BUA eller noe lignende der vi kan låne ut utstyr på alle videregående. Slik at folk kan samles etter skoletid og for eksempel spille volleyball uten kostnader.»

(2) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
VU skal arbeide for å innføre MOT som en del av opplæringen i hver enkelt kommune.»

Margrethe Sørheim (Vestland ungdomsutval) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, næring, plan og innovasjon til:
VU skal arbeide for at vindmøller kan setjast opp utan store naturingrep som anleggsvegar. Det inneber også at ein kan sette opp vindmøller utanfor vindmølleparkar. Altså berre ei eller to vindmøller.»

(2) «Stryking, samferdsel og mobilitet:
Stryke punkt 12.»

(3) « Nytt punkt, kultur, idrett og inkludering:
Vestland ungdomsutval ønskjer å halde UKM i to regionale festivaler. Ein for sogn og fjordane og ein for Hordaland.»

(4) «Nytt punkt, kultur, idrett og inkludering:
VU skal arbeide for å betre situasjonen til papirlause mennesker.»

(5) «Nytt punkt, kultur, idrett og inkludering:
Vestland ungdomsutval skal arbeide for at Vestland fylkeskommune skal arrangere gode, sosiale arrangement for og i samarbeid med russe i Vestland.»

(6) «Nytt punkt, kultur idrett og inkludering:
VU skal arbeide for at fritidserklæringa Vestland vert realisert. »

(7) «Nytt punkt, kultur, idrett og inkludering:
VU skal arbeide for at papirlause born og ungdom skal få delta på fritidsaktivitetar.»

(8) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
Vestland ungdomsutval skal arbeide for at papirlause born og unge skal få den utdanning dei har rett til.»

(9) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
Vestland ungdomsutval krev at nedlegging av skular og linjer skal tas i nøyne betrakting med tanke på konsekvensane det har for enkeltpersonane. Noko av det som må tas med i vurderinga er, lengde på ny reiseveg i tid, økonomi, bu moglegheiter på ny skulestad og kva det vil seie for lokalmiljøa og bygdene når alle dei unge vert tvungen til å flytte. I tillegg til barns rettar til fritid og kvile.»

(10) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
Vestland ungdomsutval meiner at alle skuler skal innføre prøveplan.»

(11) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
Vestland ungdomsutval ønskjer å videreføre og utvide musikkterapi prosjektet på Årstad vgs og Bergen katedral skole.»

Amalie Lahti Fjellby (Masfjorden) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, næring plan og innovasjon:
Meir sjølvforsynt mat og fokus på støtte til den norske bonden. Jobba for at norske råvarer er billigare slik at Norge klara seg i krisesituasjoner til dømes krig.

Madeleine Indrebø (Sunnfjord) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, næring plan og innovasjon:
VU skal jobbe for å støtte lokale bønder for å bevare det lokale næringslivet.»

(2) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
VU skal jobbe for at dyskalkuli blir meir fremma og at lærera har kunnskap om det.»

(3) «Endring, opplæring og kompetanse, punkt 2:
Endring forslag mitt er : VU skal jobbe for at ALLE skuler har meir oppdatert kompetanse om psykiske helseplager og nevrodivergens, til dømes ADHD, autisme, dysleksi og dyskalkuli.»

(4) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse:
VU skal jobbe for meir tilrettelagt opplæring for dei med lærevansker som til dømes, dysleksi og dyskalkuli.»

Hans Fredrik Hagelin Moe (Luster) sette fram slike forslag:

(1) «endring, Næring, plan og innovasjon:
punkt 22. NPI skal endrast til: "Vu skal innstille seg bruk av KI i passande situasjonar. Det er også viktig at KI skal brukast på ein korrekt og bærekraftig måte.»

(2) «Endring, Næring, plan og innovasjon:
Punkt 24 endrest til "VU skal jobbe for å etablere solcellepanel på allereie etablerte industriområde.»

(3) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

VU vil oppfordre skular til å tilby lokal, kortreist mat i staden for langreist mat for å støtte lokalt næringsliv som t.d gardsbruk eller andre lokale produsentar.»

(4) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:

UKM må arrangerast individuelt for gamle fylka."»

(5) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

VU vil oppfordre vestland fylkeskommune eller kvar enkelt VGS om å lage ein rushandlingsplan.»

Tord Sverresson Hatteberg (Kvinnherad) sette fram slikt forslag:

(1) «Endring, Næring, plan og innovasjon:

Stryke fornybar fra punkt 4 og bytte det ut med bærekraftig.»

(2) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

Vu skal jobbe for at staten ikkje skal tjene på eksport av energi, men at alt overskuddet skal gå til å redusere strømkostnader for norges innbyggere.»

(3) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:

VU skal arbeide for at minoritar skal bli inkludert i fritidsaktivitetar.»

(4) «Stryking, Opplæring og kompetanse, punkt 38:

Stryke punkt 38 i fordel for punkt 37.»

(5) «Stryking, Opplæring og kompetanse, punkt 22:

Stryking av punkt 22 i fordel for punkt 11 som betyr det same»

(6) «Endring, Opplæring og kompetanse, punkt 45:

Punkt 45. Endre til: Arbeide for å oppretthalde tilbodet, gratis tannlege tjeneste til fullført videregåande, men i tillegg arbeide for 75% rabatt til ein er 28 år.»

Aron Haaheim (Bergen) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, næring, plan og innovasjon:

VU stiller seg posativ til utbygging av kjernekraft i fylke..»

Dmitrij Savchenko (Hyllestad) sette fram slikt forslag:

(1) «Stryking, Næring, plan og innovasjon, punkt 11:

Stryke punkt 11, eg synst at vi skal fokusere på andre energi kjelde enn vasskraft.»

(2) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

VU skal arbeide med å optimalisere for alternative energikjelder (kjernekraft, vindkraft, solcellepanel).»

(3) «Endring, opplæring og kompetanse, punkt 43

Endring av punkt 43. Bevare både studiespesialiserende og yrkesfaglig videregående opplæring.»

(4) «Nytt punkt, opplæring og kompetanse,

VU skal arbeide med å behalde studiespesialiserende på VGS i distriktet.»

Ingeborg Wåge Møgster (Bergen) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

VU skal arbeide for å fremme et samarbeid mellom privat næringsliv og kommuner for å skape flere jobbmuligheter for ungdom.»

(2) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:

VU skal arbeide for at kommunene skal støtte idrettslagene i å etablere allidrettstilbud for ungdom, for å fremme fysisk aktivitet, inkludering og utvikling blant unge mennesker i lokalsamfunnene.»

(3) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

VU bør arbeide for å implementere systematiske gruppetilbudet for unge med psykiske utfordringer i videregående skoler. Eksempel på dette er årstad vgs.»

Fiona Kolle (Bjørnafjorden) sette fram slike forslag:

(1) «Stryking, Opplæring og kompetanse:

Punkt 38 står 2x « 37. VU skal arbeide for innføring av mappevurdering som eit alternativ til eksamen.»

(2) «nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

Slå sammen YDK/TAF punktene. «Opprettet halde og danne nye YSK/TAF linjer i Vestland Fylke»

Aksel Myklebust (Bremanger) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

Planar om utbygging i kommunane skal også gå via ungdomsråd »

Kristoffer Sunde (Stryn) sette fram slikt forslag:

(1) «Endring, næring, plan og innovasjon punkt 19:

Stanse utbygging av skogsområder og fruktbar mark»

(2) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

Open skule»

Theodor Eliassen Fink (Sunnfjord) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, næring, plan og innovasjon:

Eg synest VU budre styrke utbygelse av kjernekraft i heile fylket. Spesielt inni fjell fordi det er enda tryggere enn å ha det opent. Og kjerne kraft er allerede veldig trygt. Norge ligger også nesten i midten av ein tektonisk plate så vi har nesten ingen jordskjelv ingen store tsunamier å vere redde for.»

Håkon Skjoldli (Voss) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:

VU skal stå for trygg dyrevelferd og trygg matproduksjon og være med på og sikre dette.»

(2) «Endring, Næring, plan og innovasjon:

Endring av punkt 21. VU skal jobbe for økt beredskaps og samfunnsikkerheit både på land og vann.»

(3) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:

VU skal arbeide for og samle et russeråd under russetida mellom politisk representative og russepresidenter for og ha et samarbeidsråd som kan ta hånd om ulike problemstillinger russen møter.»

(4) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:

VU skal jobbe for at minst mulig uberørt landareal blir berørt ved utbygging av industrianlegg og energianlegg (eksempel: Kraftverk, vindmøller, Solcellepanell).»

(5) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

VU skal arbeide for et gratis skolemåltid i skolen minst 2 ganger i uken.»

(6) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

VU skal arbeide for at alle vidaregåande skular har tilgang på ein eigen rådgjevar for utdanning og karriere med særleg kompetanse på framtidsretta yrke, grøn omstilling og teknologisk utvikling.»

(7) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
VU skal arbeide for utvekslingsmuligheter på mest mulige studieløp.»

(8) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
VU skal motivere arbeid mot en beredskapsplan til alternativ skole ved naturkatastrofer eller lignende.»

(9) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
VU skal jobbe for at skulane tilbyr fleksible vurderingsformer for elevar med lese og skrive vanskar, som foreksempel muntlig eksamen i fleire fag.»

Frøya Sverresdotter Hatteberg (Kvinnherad) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:
VU må arbeida for at det skal bli tettare oppfølging av unge arbeidstakarar i arbeidsmiljøet, for å forsikre at ungdommane ikkje vert utnytta.»

(2) «Endring, Opplæring og kompetanse, punkt 2:
Endre punkt nr 2 til: VU skal jobba for at vidaregåande- ungdoms- og barneskular har meir oppdatert kompetanse om psykiske helseplager og nevrodivergens, til dømes ADHDm autisme og dysleksi.
(Dette fordi elevane som slit med dette treng hjelp tidelegare enn i vidaregåande skule).»

(3) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
Eg forslår at fremmedspråk, som ein i dag har tilbud om frå 8.klasse, skal kome tidlegare i opplæringsløpet.»

(4) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
VU må arbeida med å oppretthalde gratisprinsippet i vidaregåande skule. (Det må framleis vera moglegheit å arrangere aktivitetar som kostar pengar, men at pengane ikkje skal kome av elevene/dei føresatte sin personlege økonomi.)»

(5) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
Eg foreslår at eksamen på vg3, som til neste år vert flytta til før 17.mai, skal flyttast til nærmare sommaren. Ved å ha eksamen før 17.mai, går det utover optimalt 1 månad med potensiell læring. Russetida bør tilpasse skulen, ikkje omvendt.»

Hanna Folgerø-Kirkeeide (Kinn) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:
VU skal arbeide for at ungdom får innføring om hvilke rettigheter ein har i arbeidslivet. .»

(2) Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Forbedring av idrettsmiljø ved å foreta undersøkelser innad, styrking av felleskap, kvalifikasjoner for ledere/trenere som vurderes før og under stilling.»

Hallvard Nordheim (Kvam) sette fram slikt forslag:

(1) «Endring, Næring, plan og innovasjon, punkt 13:
Endre punkt 13, Næring, plan og innovasjon til: VU skal arbeide for å lage ei felles platform for utlysining av lærlingstillingar, deltidsstillingar og sommarjobb for ungdom.»

Agnes Elde-Damstuen (Bremanger) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:
VU bør stille krav til at kommunene også skal gå via ungdomsrådene for å få meininger om eventuell utbygging i natur- og dyrka mark. Dette må skje i god tid før noko skal vetas slik at ungdomsrådet får tid til å drøfte og tenke godt gjennom det.»

(2) Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:

Forslag om ein mal som alle Ungdomsråda i kommunane kan henvende seg til når det gjelder: Budsjett, Tarifflønn, Merch, Opplæring, Ungdomsrådets rettar, Korleis skape betre felleskap osv.»

Kamilla Koløen (Fitjar) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet:
Ungdommer er veldig avhengig av skyss (buss)fordi ikkje alle har mulighet til og køyre.»

Emil Velken Soldal (Voss) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet:
VU skal jobba for at dei kommunale ungdomsrådene skal kunne delta meir aktivt i arbeidet om busstilbodet i deira kommune.»

(2) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet:
VU skal jobba for at K5 gjennomførast heile vegen til Voss.»

(3) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet:
VU skal arbeida for at fylkesvegane blir utbedra.»

(4) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
VU skal jobba for at fylkeskommunen legger opp til ei felles feiring for avgangskullet på VGS. Til dømes inkluderande festar for alle og gratis arrangement.»

(5) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
VU skal arbeida for at den politiske fråversgrensa skal tas bort eller økast.»

(6) «Stryking, Opplæring og kompetanse:
Stryking eit av punkta. VU skal arbeide for innføring av mappevurdering som eit alternativ til eksamen. (To som er like) punkt 37 og 38.»

Anna Fjelland Hovland (Bømlo) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet:
VU skal arbeide for tilstrekkelig skoleskyss for alle elever som har rett på gratis skoleskyss.»

(2) «Endring, Opplæring og kompetanse, punkt 9 :
Endring av Punkt 9. Skal omhandle både nynorsktimer og bokmålstimere. Slik at de som har bokmålstimere også er sikret nok undervisning.»

Marte Ommedal (Gloppen) sette fram slike forslag:

(1) «Endring, Samferdsel og mobilitet, punkt 22:
"VU skal jobbe for å prioritere oppgradering og tuneller på vegstrekninga E39 mellom Breim og Sandane. Legge til Hopsstanden i vestredalen som er Vegstrekningamellom Hope og Hyen rasfare. Når det har vært stengt over lengere tid må vi ha tatt robåt over fjorden til å komme til skulen.. Det raser når vi er på skulen og då må vi ha kjørt om Jølster og Førde for å komme heim. Då bytter vi ut ca. ein halv times busstur med ein ca. 2 timers buss tur. Vegen frå Hyen til Storebru er kåra til Norges verste vei."»

(2) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Meir fellestransport til fritidsaktiviteter og arrangementer for ungdom.»

Jonas Aasen Engebø (Sogndal) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Ein må ha separate Ukm finaler!»

Nikola Szulfer (Gulen) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Bedre oppfølging til reise på ukm fylke, viktig at kommunen eller fylke betaler reise for deltakerne.»

Nikolai Gjesdal (Vestland ungdomsutval) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
VU vil arbeide for å utvikle en app for å spre budskap om kulturtildelning, skuletilbod og VU sitt arbeid.»

Johanne Hesjedal (Vaksdal) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Meir arrangement på tvers av kommunene og samarbeid idrettslag og skular. Enkelte kommunar har for få folk til å få til noko saman.»

(2) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
Jobbe for anonym prøveretting eller andre lærarar som ikkje kjenner eleven retter prøven, slik at det blir meir fokus på innehaldet og svar enn på kven som har svart på prøven og forhindre favoritisering av elever.»

Rebekka Kvaal (Øygarden) sette fram slike forslag:

(1) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Stå for bedre tilbud i mental trening i idrett.»

(2) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
Presise regler på antall prøver man kan ha på en dag på vgs.»

Vilde Johannessen (Kinn) sette fram slike forslag:

(1) «Endring, Kultur, idrett og inkludering, punkt 12:
Endring av punkt 12: styrke fadderordning for alle skoler i fylket.»

(2) «Endring, Kultur, idrett og inkludering, punkt 12:
VU skal arbeide for å innføre fadderordning på VGS.»

Alexander Nordlinder- Nitter (Kvam) sette fram slike forslag:

(1) «Endring, Opplæring og kompetanse, 54
Endring av punkt 54. "VU skal jobbe for at alle ungdommar på ungdomsskule skal få opplæring i å skrive jobbsøknad og CV"»

(2) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
VU skal jobbe for at det blir ei felles ordning for heile fylket på korleis politisk fråvær skal førast. Det skal bli ført som godkjent fråvær og fjerna frå vitnemålet.»

Maja Reimus (Austevoll) sette fram slike forslag:

(1) «Endring, Opplæring og kompetanse, 51
Endring: Skole-Vgs »

(2) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse:
Bedre opplæring innan adhd, dysleksi. Høgare stipend på studie, støtte får pendlere som går på ein annen skule får at dei skal få bidrag.»

Linea Mæland Endresen (Austrheim) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse
Øke bortestipend og hjelpe de som bor på hybel til å få en deltidsjobb."»

Tea Håland (Etne) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Opplæring og kompetanse
Ha opptaksprøver på de yrkesfaglige linjene sånn at de som ikke er så flink teoretisk kan komme inn på linjer de er praktisk flink i.»

Anna Kobanova (Fitjar) sette fram slikt forslag:

(1) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet
Meir bussrute! Ungdommer er avhengige av buss, ikkje alle kan køyre eller har bil.»

Redaksjonskomiteen sette fram slikt alternativ til Berger sitt forslag (2):

(1) « Nytt punkt, eigen organisasjon:
VU skal besøke vidaregåande skuler og invitere dei lokale ungdomsråda »

Redaksjonskomiteen sette fram slikt forslag som alternativ til Berger sitt forslag (4):

(2) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon til:
Vu skal jobbe for å skape eit felles nettverk/arena for lærlingar i fylke på tvers av bedrifter.»

Redaksjonskomiteen sette fram slikt forslag som alternativ til Skjoldli sitt forslag (1):

(3) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:
VU skal stå for trygg dyrevelferd og trygg matproduksjon.»

Redaksjonskomiteen sette fram slikt forslag som alternativ til Haaheim sitt forslag (1):

(4) «Nytt punkt, Næring, plan og innovasjon:
VU stiller seg positiv til utbygging av kjernekraft i fylke.»

Redaksjonskomiteen sette fram slikt forslag som alternativ til Fossdal Tveit sitt forslag (5):

(5) «Nytt punkt, Samferdsel og mobilitet:
VU skal arbeide for å opprette bestillingsbussordninger i fleire kommunar.»

Redaksjonskomiteen sette fram slikt forslag som alternativ til Thomassen sitt forslag (1):

(6) «Nytt punkt, Kultur, idrett og inkludering:
Vu skal arbeide for å få inført BUA eller liknande tilbod på alle vidaregåande skular.»

Redaksjonskomiteen sette fram slikt forslag som alternativ til Gjesdal sitt forslag (1):

